

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 27.04.2006 **Tid:** 17.00 – 20.40

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 21 medlemmer møtte 20 , inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Frode Bjørnås  
Olaug Øystese

**I staden møtte:**

Ole Totland

**Andre som var tilstade på møtet:** Revisor Willy Hauge, leiar i kontrollutvalet Gisle Gardar Øye og kommunekasserar Eikestad under sakene 06/-07/06. It-konsulent Abelone Byrkjedal under sak 12/06. Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 2. mai 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Elin Liøen, Helge Reistad og Marit Aase skriv under protokollen.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** stilte spørsmål om kommunestyret bør vera det organet som fastset skulepolitikken i kommunen m.a. ved å ta stilling til prioriteringar i høve til kunnskapsløftet. Han stilte og spørsmål om ordføraren kunne dela med kommunestyret arbeidet med kompetansesenter for småkraftverk.

Ordføraren viste til at det er tre likestilte utval i kommunen. Kommunestyret har i sitt delegeringsreglement delegert mynde og avgjersle innanfor Opplæringslova til utval for Oppvekst og omsorg. Utvalet har hatt spørsmålet om kunnskapsløftet oppe til ein grundig diskusjon, og det er fatta prioriteringar om satsingsområde. Det var her ikkje spørsmål om saka skulle til vidare handsaming i kommunestyret. Ordføraren viste og til arbeidet med kommuneplanen, og at skulepolitikk herunder kunnskapsløftet vil naturleg høyre heime i denne prosessen.

Når det gjeld småkraftverk, er kommunen i gang med å laga eit forprosjekt, og ein presentasjon for dette. Det er sett ned ei breitt samansett referansegruppe; Helge Reistad som ansvarleg for arbeidsgruppa for arbeid og næring i kommuneplanen, Sigmund Dyrhovden som repr. for mindre utbyggjarane, repr. frå Fusa kraftlag, Alfred Bruvik frå A.S SAFA , Bjørnefjorden næringsutvikling v/Eiken og Arne Hjartnes . Kommunestyret vil få meir informasjon i neste møte.

**John Magne Bogevik** stilte spørsmål om arbeidet med strandsoneplanen. Arealplanen er endeleg godkjent av Fylkesmannen. Det vart stilt spørsmål om søkjarar som har fått utsett/avslage sine søknadar i påvente av denne godkjenninga skal søkje på nytt eller om desse sakene vert tekne oppatt av kommunen til ny handsaming.

Det vart orientert om at spørsmålet var oppe i sist møte i naturutvalet der konklusjonen var at administrasjonen skulle sjå nærare på dei sakene som har fått slik handsaming. For ein del saker, er det fatta vedtak som tilseier at dei vil verta lagt fram på nytt utan ny søknad. Andre vedtak er utforma slik at søkjaren må på eige initiativ be om at saka vert tekne opp på nytt. Administrasjonssjefen påpeika at denne typen spørsmål bør rettast som grunngeve spørsmål slik at administrasjonen skal kunne få høve til å førebu seg.

**Arne Tverlid** etterlyste kva avtalar kommunen v. ordførar og administrasjonssjef har inngått med SAFA a.s i høve til vassføring i Tysseelva. Situasjonen har no ved fleire høve vore at vasstanden i elva har vore so låg at det kan vera fare for fiskedød.

Administrasjonssjefen orienterte om at kommunen ikkje har inngått avtale med A.S SAFA om vassføring i elva korkje i byggjetida eller i driftsfasen for kraftanlegget. Det er NVE som har fastsett krava. Kommunen har ikkje mynde her. A.S SAFA er merksam på at her er krav om minstevassføring. Kommunen vil på bakgrunn av Tverlid sitt innspel undersøkje saka nærare.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Det var ingen merknader til utsendte skriv og meldingar.

Administrasjonssjefen leverte ut eit notat med **Budsjettkontroll for april 2006**, og orienterte om følgjande større avvik i høve til budsjettet;

- Budsjettet er overbudsjettet med ca 1 mill. på rammetilskot og skatt. Til tross for auka innbyggjartal får kommunen likevel reduksjon i tilskotet. Dette m.a. fordi storleiken på folketalsveksten på nasjonalt nivå er større enn føresett i Statsbudsjettet, og det har negativ innverknad på overføringane til kommunen.
- Kommunen får i mai ansvar for eit nytt tiltak for funksjonshemma ungdom som vil verta svært kostnadskrevjande. Kommunen må i 2006 ta heile kostnaden, medan tiltaket kjem inn under ordninga for ressurskrevjande brukarar i 2007 slik at delar av lønsutgiftene då vil verta refundert av staten.
- Flyktningbudsjettet er underbudsjettet pga. for høgt budsjetterte inntekter. Administrasjonen må vurdere ulike tiltak innafør dette tenesteområdet og redusere desse.
- Konesjonskraft. Det er truleg mogleg å auka desse inntektene, om ikkje for 2006 så i alle fall for åra framover gitt at den høge straumprisen held seg. Administrasjonen prioriterar dette arbeidet i månadane framover.

Ordføraren orienterte om møte med næringsdrivande og leiarane i lag som er eigarar av lagshus. Møta var eit ledd i arbeidet med rusplan og det rusførebyggande arbeidet.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0006/06	06/00094 <b>ÅRSMELDING 2005</b>
0007/06	06/00183 <b>KOMMUNEREKNESKAPEN 2005.</b>
0008/06	05/00464 <b>STØNAD TIL POLITISKE PARTI 2006.</b>
0009/06	06/00150 <b>BUDSJETTENDRINGAR 2006</b>
0010/06	06/00039 <b>NILS OG SELMA KVITINGEN SI STIFTING FOR VAKSENOPPLÆRING. STYREMEDLEMMER</b>
0011/06	03/00410 <b>VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING</b>
0012/06	06/00104 <b>VIDARE UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER. ROLVSVÅG OG EIKEDALEN</b>

0006/06

## **ÅRSMELDING 2005**

### **Framlegg til vedtak::**

Kommunestyret tek årsmeldinga for Samnanger kommune for 2005 til orientering

### **Handsaming i møte:**

Personal- og økonomiutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kommunestyret tek årsmeldinga for Samnanger kommune for 2005 til orientering.

0007/06

## **KOMMUNEREKNESKAPEN 2005.**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune tek revisjonsmeldinga datert 10.04.06 til etterretning.

Kommunerekneskapen for 2005 for Samnanger kommune vert godkjent. Overskotet vert overført på disposisjonsfondet.

### **Handsaming i møte:**

Personal- og økonomiutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**&&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑**

### **Vedtak:**

Samnanger kommune tek revisjonsmeldinga datert 10.04.06 til etterretning.

Kommunerekneskapen for 2005 for Samnanger kommune vert godkjent. Overskotet vert overført på disposisjonsfondet.

0008/06

## **STØNAD TIL POLITISKE PARTI 2006.**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune betalar ut tilskot til politiske parti etter same reglar og satsar som for 2005 med unnateke for den delen som fylkesmannen tek ansvar for.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune betalar ut tilskot til politiske parti etter same reglar og satsar som for 2005 med unnateke for den delen som fylkesmannen tek ansvar for.

0009/06

**BUDSJETTENDRINGAR 2006****Framlegg til vedtak::**

Alle arter i budsjettet for 2006 som gjeld næringsfondet vert endra frå art 9405 til art 9505.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Alle arter i budsjettet for 2006 som gjeld næringsfondet vert endra frå art 9405 til art 9505.

0010/06

**NILS OG SELMA KVITINGEN SI STIFTING FOR VAKSENOPPLÆRING.  
STYREMEDLEMMER****Framlegg til vedtak::**

OO ber om at sak nr. 004/06 vert handsama på prinsipielt grunnlag av kommunestyret.

**Handsaming i møte:**

**Inge Aasgaard** sette fram følgjande framlegg; ”Samnanger kommune ynskjer ikkje å ta del i styret for ei stifting med delvis bunde mandat.”

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune ønskjer ikkje å forvalta ei stifting med så sterke bindingar som det går fram av pkt. 10 i framlegg til vedtekter. Dersom pkt. 10 kan gå ut, vil kommunestyret ta saka opp til realitetshandsaming.”

Aasgaard trekte sitt framlegg.

Det vart røysta over Gåsdal sitt framlegg som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer ikkje å forvalta ei stifting med så sterke bindingar som det går fram av pkt. 10 i framlegg til vedtekter. Dersom pkt. 10 kan gå ut, vil kommunestyret ta saka opp til realitetshandsaming.

0011/06

**VEGNAMN I SAMNANGER - ETABLERING****Handsaming i møte:**

Vegnamnutvalet har hatt fleire drøftingar etter at kommunestyret valde å utsette handsaminga av saka. Utvalet har og drøfta saka med gruppeleiarane i kommunestyret. Utvalet har gitt si tilråding som er teke inn i saksutgreiinga.

**Bygdalista v. Idar Reistad** sette fram slikt endringsframlegg for veg nr 19 på lista *Reistadstølen vert endra til Stølen.*

Det vart røysta over vegnamnutvalet si tilråding og denne tilrådinga med endringa frå Bygdalista. Framlegget frå Bygdalista fekk 7 røyster og fall.

**Vedtak:**

<b>Vegnamn i Samnanger kommune.</b>				
<b>Nr</b>	<b>Namneframlegg</b>	<b>Vegen går frå</b>	<b>Vegen går til</b>	<b>Merknader</b>
1	<b>Samnangervegen</b>	Gullbotn (Bergen Grense)	Eikedalen (Kvam grense)	Riksveg 7
2	<b>Tyssevegen</b>	Nesodden	Tysse Bru	
3	<b>Haukanesvegen</b>	Bjørkheim	Nesodden	
4	<b>Solbjørgvegen</b>	Solbjørg (Os grense)	Hisdal – kryss i Samnangervegen	
5	<b>Rolvsvågvegen</b>	Kryss i Solbjørgvegen ved skulehuset	Enden ved badeplass	Merknaden frå namn.kons er teken omsyn til. Inkluderer kommunalt byggefelt.
6*	<b>Setravegen</b>	Kryss i Solbjørgvegen	Enden av industriområdet	Merknaden frå namn.kons er teken omsyn til.
7	<b>Sagavegen</b>	Kryss i Solbjørgvegen	Enden	Inkluderer vegen til byggefeltet og vegen ned til settefiskanlegget.
8	<b>Nordbøvegen</b>	Kryss i Solbjørgvegen	Enden i tunet på Nordbø og enden på vegen ovanfor Vedlene	
9*	<b>Skjeljåna</b>	Kryss i Solbjørgvegen der Stolpane skulehus stod.	Enden v Feta og enden ved parkeringsplass over elva i Skjeljåna.	

10	<b>Haugavegen</b>	Kryss v bussskur på Hisdalsflatane på Samnangervegen	Enden ved huset til Ottar Haugen	
11	<b>Raunekleivvegen</b>	Kryss i Samnangervegen ved Aud Yndestad	Kryss i Samnangervegen v BIR gjenbruksstasjon	
12	<b>Liavegen</b>	Kryss i Samnangervegen v Masterskar	Enden på snuplass Li	
13	<b>Stølane</b>	Kryss v parkeringsplass v Kyrkja på Ådland	Enden i tunet hos Tomas Aadland og i tunet hos Nils Aadland	
14*	<b>Prestavegen</b>	Kryss v parkeringsplass v Kyrkja på Ådland	Enden v Hedlo	Vegen til Søvika vil også få adresse Prestavegen
15	<b>Lindane</b>	Kryss i Samnangervegen ved busstopp	Til endes i det nye byggefeltet	Inkluderer nye hus og dei gamle husa som ligg inntil gangvegen
16	<b>Reistadliane</b>	Kryss i Samnangervegen ved rundkjøring for skulebussane	Toppen av byggefelt og enden ved Norbygda barnehage	
17	<b>Teigabrekka</b>	Kryss i Reistadliane ved postkassestativ og sykkelparkering for skulen	Til enden ved bergit Tømmerbakk	
18	<b>Bygdavegen</b>	Kryss i Samnangervegen ved Nordbygda grendahus	Tunet på Steintveit	
19	<b>Reistadstølen</b>	Frå evt. nytt bustadfelt på Erikajorda (framtidig reg.plan)	Enden av vegen (vegane) i bustadfeltet på Stølen	Det må vurderast om evt. nytt framtidig bustadfelt skal få eige namn i høve utarbeiding av reguleringsplan
20	<b>Rødsvegen</b>	Kryss i Bygdavegen ved bru over elva ovanfor Skomakarverkstaden	Enden av vegen ved gardstuna på Rødne og til Arild Røen	Same namn som veg nr. 25.
21	<b>Brendahaugen</b>	Kryss i Rødsvegen	Enden på toppen av bustadfeltet	
22	<b>Heiane</b>	Kryss i Bygdavegen ovanfor bru over elva og den gamle gardssaga	Enden av vegane ved Idar reistad og Audun Reistad	Inkluderer to vegar
23	<b>Vågabygda</b>	Kryss ved Bjørkheim i Haukanesvegen	Toppen av Storhaugen og enden av stikkvegar	
24*	<b>Bjørkheim</b>	Kryss i Samnangervegen ved Statoil og Gjestetunet	Enden ved Kjell Haug og enden v Campingplassen	
25	<b>Rødsvegen</b>	Kryss i Haukanesvegen	Gjennomgåande namn sjølv om ikkje vegen er gjennomgåande	Same namn som veg nr. 20
26	<b>Skoltane</b>	Kryss i Haukanesvegen nedanfor garden til Rondestveit	Toppen av bustadfelt	
27	<b>Bjelkarvikvegen</b>	Kryss i Samnangervegen ved den gamle Fiskegarasjen	Enden i tunet til Arne Midtun og i tunet til Astrid Boge.	
28	<b>Lønnebakken</b>	Kryss i Samnangervegen	Så langt bustadfeltet er	Heile bustadfeltet får



			regulert	same gatenamn og inkluderer også busetnad som er eldre i nedste del av feltet.
29	<b>Helgatona</b>	Kryss i Lønnebakken	Så langt bustadfeltet er regulert	
30	<b>Steinslandsvegen</b>	Kryss ved Havnabekken i Tyssevegen	Bolstadhaugen	
31	<b>Gjerdsvegen</b>	Kryss i Steinslandsvegen v Alf Tveit	Gardstunet i Dalane	Dei som bur på Neset vil få adresse Gjerdsvegen
32	<b>Nesjavegen</b>	Kryss i Lønnebakken	Gjerde skule og Gjerde barnehage	
33	<b>Gamlehusvegen</b>	Kryss i Gjerdsvegen	Til dei ulike husa i området ovanfor Gjerde skule som nyttar denne veg	
34	<b>Bjørkhaugen</b>	Namn på området ovanfor Oddvar Bjordal		
35	<b>Hagabakkane</b>	Kryss i Tyssevegen v Arbeidskyrkja	Tveit ved veg til Tveitarås.	
36	<b>Tveit</b>	Der Hagabakkane sluttar ved veg til Tveitarås	Kryss i Kvitingsvegen ovanfor Langeland	
37	<b>Tveitarås</b>	Kryss på Tveit(amyrane)	Enden av veg	
38	<b>Ytre-Haga</b>	Områdenamn for busetnaden frå kryss i Tyssevegen nedanfor trygdebustadane. Omfattar alle bustadane som kan køyre til Tyssevegen frå bustaden sin gjennom dette krysset.		
39	<b>Fjellheimsvegen</b>	Kryss i Tyssevegen ovanfor Kommunehuset	Enden	
40	<b>Indre-Tysse</b>	Kryss i Tyssevegen V Tyssebrua	Enden	
41	<b>Kvitingsvegen</b>	Kryss i Samnangervegen v Frøland ungdomshus	Svartavatnet	
42	<b>Dyrhovdevegen</b>	Kvitingsvegen	Tunet i Dyrhovden	
43	<b>Frøland</b>	Kvitingsvegen	Enden	
44	<b>Tysslandsvegen</b>	Vegen tek av frå Kvitingsvegen og er områdenamn for Totland. Dette er med unntak av dei husa som ligg inntil Kvitingsvegen lengst oppe på Totland.		
45	<b>Totrævegen</b>	Kvitingsvegen	Enden ved Totrena vinterpark	Inkluderer også Solheim og Øystølen
46*	<b>Holmavegen</b>	Frå Kryss i vegen til Haug	Enden hos Hans Solberg	
47*	<b>Haug</b>	Kryss i Samnangervegen ved Frølandsbrua	Enden i tunet på Haug	
48	<b>Jarlandsvegen</b>	Kryss i vegen som går til Haug	Enden i tuna på Jarland	
49*	<b>Nyutløtræ</b>	Kryss i Kvitingsvegen	Enden i tunet Sæterhaug	
50	<b>Høysetevegen</b>	Kryss i Samnangervegen ved Mørkhølen	Fylkesveg slutt på Høyseter	Merknaden frå namn.kons er teken omsyn til. Inkluderer Børdalen og all busetnad på Høyseter.

51*	<b>Svensdalen</b>	Kryss i Høysetevegen	Enden i tunet i Svensdalen	
52*	<b>Fossen bratte</b>	Området bak tunnelen ovanfor Fossen Bratten. Tek utgangspunkt i og sluttar i Samnangervegen		Merknaden frå namn.kons er teken omsyn til.
53*	<b>Kråvegen</b>	Kryss i Samnangervegen før brua og Kvam grense	Enden på parkeringsplassen i Eikedalen skisenter	
54	<b>Tyssereinane</b>	Tyssevegen v busshaldeplass	Kryss der elva renn ut ved Granen	Kulturstiløypa
55	<b>Utskotevegen</b>	Kryss i Tyssevegen der det er skilta til Utskot	Enden av Fylkesvegen	
56	<b>Ådland</b>	Gjeld to vegar på Ådland: vegen til Fiskaneset og vegen til Olarane (Pøyla). Samla veglengde på vel 500 m og 11 adresseiningar.		Områdenamn på Ådland.
57	<b>Sævlavegen</b>	Straumsbrua	Fusa grense på Sævild	Tek utg.punkt i at den nye vegtraseen i tunnell bak Tysse vert realisert
58	<b>Ytre-Tysse</b>	Kryss ved tunnellinislag ovanfor Tysse bru	Kryss ved tunnellinislag v/ Gaupholm	Føl den gamle traseen rundt Ytre Tysse.
59	<b>Nymarksvegen</b>	Kryss i Solbjørgvegen ved Røen og Rødseth	Enden på garden Nymark og sandtak / steinfabrikk	

Vedtaket er gjort med atterhald om at namnekonsulenten godkjenner namna.

0012/06

## **VIDARE UTBYGGING AV BREIBAND I SAMNANGER, ROLVSVÅG OG EIKEDALEN.**

### **Handsaming i møte:**

**It-konsulent Abelone Bykjedal** ga ei orientering om breiband, og kva alternativ som finnast for Samnanger.

**Marit Aase** set fram følgjande framlegg til vedtak:

”Kommunestyret seier ja til vidare utbygging av breiband for innbyggjarar og næringsliv i Samnanger. Utbygginga gjeld no Rolvsvåg og Eikedal.

Finansiering: Det trengst inntil kr 900.000,-

Gjenstående udisponerte midlar tidlegare løyving	150 000.-
Gjenstående komp.midlar arb.gj.avg, endring av sone	250 000.-
Til saman disponerte midlar sett av i budsjett	<b>400 000.-</b>
Som nemnt i saka er det søkt om	
Høykom/Fylkeskommunen som dekning inntil	400 000.-
Stønad frå næringslivet inntil	100 000.-
Til saman	<b>900 000.-</b>

Samnanger kommune ved kommunestyret forskotterer inntil 500.000,- kr frå næringsfondet slik at prosessen kan startast straks.

Det vert sett ned eit adhocutval som på vegne av kommunestyret ilag med IKT-konsulenten vel løysing og leverandør etter gjeldande lov- og regelverk

Desse vert valde:

- Jon Magne Bogevik
- Øyvind Røen
- Inge Aasgaard”

**Brigt Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg: ”.som framlegg til ordføraren, men at ad hoc utvalet vert utvida med Abelone Byrkjedal og Hilde-Lill Våge.”

Det vart røysta alternativt over framlegget til Aase og framlegget til Gåsdal. Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedtek.

### **Vedtak:**

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Kommunestyret seier ja til vidare utbygging av breiband for innbyggjarar og næringsliv i Samnanger. Utbygginga gjeld no Rolvsvåg og Eikedal.

Finansiering: Det trengst inntil kr 900.000,-

Gjenstående udisponerte midlar tidlegare løyving	150 000.-
Gjenstående komp.midlar arb.gj.avg, endring av sone	250 000.-
Til saman disponerte midlar sett av i budsjett	<b>400 000.-</b>
Som nemnt i saka er det søkt om	
Høykom/Fylkeskommunen som dekning inntil	400 000.-
Stønad frå næringslivet inntil	100 000.-
Til saman	<b>900 000.-</b>

Samnanger kommune ved kommunestyret forskotterer inntil 500.000,- kr frå næringsfondet slik at prosessen kan startast straks.

Det vert sett ned eit adhocutval som på vegne av kommunestyret som vel løysing og leverandør etter gjeldande lov- og regelverk.

Desse vert valde:

- Abelone Byrkjedal
- Hilde-Lill Våge
- Jon Magne Bogevik
- Øyvind Røen
- Inge Aasgaard